

St.prp. nr. 5

(2000-2001)

Om endringer på statsbudsjettet for
2000 under kapittel administrerte av
Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 13. oktober 2000, god-
kjend i statsråd same dagen.*

1 Samandrag

I denne proposisjonen blir det foreslått å auke ulike postar på budsjettet for utviklingshjelp for 2000 med 104,2 mill. kroner mot tilsvarende reduksjonar på andre postar. Forslaga blir fremma for å få til mest mogeleg effektiv bruk av midlane i budsjettåret, og for å støtte viktige humanitære tiltak som og skal omfatte innsats mot spreiding av hiv/aids. Det er blitt ledige midlar til omfordeling på grunn av at ODA-godkjente utgifter til flyktningar i Noreg i år blir mindre enn rekna med. Vidare blir det noko mindre innbetalningar til internasjonale finansinstitusjonar enn budsjettert. Dersom det blir fleire ledige midlar i 2000, m.a. som følgje av at dei ODA-godkjente utgiftene går ytterlegare ned, vil Regjeringa komme attende til dette i nysalderingsproposisjonen som blir lagt fram i månadsskiftet november/desember 2000.

2 Framlegg til endringar

Kap. 142 NORADs administrasjon av utanriksstasjonane

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å løyve 4 mill. kroner som kompensasjon for auka dollarkurs og 2 mill. kroner knytta til tryggingstiltak ved ambassaden i Colombo, Sri Lanka.

Kap. 159 Tilskot til ymse hjelpetiltak

Post 70 Tilskot, kan overførast

Denne løyvinga blir nytta til omdisponering til andre utviklingstiltak. Det er 13 mill. kroner til disposisjon på posten. Ein foreslår at løyvinga blir redusert med 5 mill. kroner.

Kap. 163 Generelle stønader - finansinstitusjonar

Post 70 Innskot i finansinstitusjonar, kan overførast

Det blir gjort framlegg om ein samla reduksjon på 24,2 mill. kroner pga. endra utbetalingsplanar i enkelte institusjonar.

Kap. 190 Humanitær hjelp ved naturkatastrofar

Post 70 Tilskot, kan overførast

I 2000 har det vore fleire ekstraordinære flaum- og tørkekatastrofar, m.a. flaum i det sørlege Afrika, spesielt i Mosambik og tørke på Afrikas Horn. Det er og behov for hjelp til tørkeramma i Kenya, Sør-Asia og Afghanistan.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 45 mill. kroner.

Kap. 191 Menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningetiltak

Post 70 Tilskot til menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningetiltak, kan overførast

Det er auka behov for hjelp til naudlidande i Great Lakes distriktet og Angola i Afrika, til tiltak i Nord-Korea, Afghanistan, Sri Lanka, Midtausten og Colombia, og til tiltak i regi av UNHCR.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 53,2 mill. kroner.

Kap. 195 Tiltak for flyktningar i Noreg, godkjent som utviklingshjelp*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Det viser seg å bli mindre ODA-godkjente flyktningeutgifter i Noreg enn rekna med. Endeleg oversyn over utgiftene i år blir lagt fram i nysalderingsproposisjonen som blir sendt Stortinget i månadsskiftet november/desember 2000. I denne proposisjonen blir det gjort framlegg om ein reduksjon på 75 mill. kroner.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar på statsbudsjettet for 2000 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2000 under kapittel administrerte av Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer på statsbudsjettet for 2000 under kapittel administrerte av Utanriksde- partementet

I

I statsbudsjettet for 2000 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
Endringer			
142		NORADs administrasjon av utanriksstasjonane	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	6 000 000
		frå kr 179 825 000 til kr 185 825 000	
159		Tilskot til ymse hjelpetiltak	
	70	Tilskot, kan overførast vert <i>redusert</i> med	5 000 000
		frå kr 13 250 000 til kr 8 250 000 000	
163		Generelle stønader - finansinstitusjonar	
	70	Innskot i finansinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , vert <i>redusert</i> med	24 200 000
		frå kr 782 500 til kr 758 300 000	
190		Humanitær hjelp ved naturkatastrofar	
	70	Tilskot, <i>kan overførast</i> , vert auka med	45 000 000
		frå kr 140 000 000 til kr 185 000 000	
191		Menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningetiltak	
	70	Tilskot til menneskerettar, humanitær hjelp og flyktningetiltak, <i>kan overførast</i> , vert auka med	53 200 000
		frå kr 1 204 000 000 til kr 1 257 200 000	
195		Tiltak for flyktningar i Noreg, godkjent som utviklinghjelp	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert <i>redusert</i> med	75 000 000
		frå kr 1 060 300 000 til kr 985 300 000	
